

## INNKALLING TIL MØTE I STUDENTHOVEDSTADEN

---

**Dato:** Måndag 29. august 2022  
**Møtetid:** 16:00-18:00  
**Stad:** 2. Etasje Villa Eika

### Innkalla til møte:

Leiar av Velferdstinget i Oslo og Akershus, Marius Torsvoll  
Leiar av Studentparlamentet ved UiO, Oline Marie Sæther  
Leiar av Studentparlamentet ved OsloMet, Karl Magnus Nikolai Coronus Nyeng  
Leiar av BI Studentorganisasjonen, Youri Van der Werve  
Leiar av Studentunionen ved Høyskolen Kristiania, Marie Pedersen  
Leiar for Det Norske Studentersamfund, Olav Rørstad  
Leiar av Kjellerpubnettverk på UiO, Henrik Vincent Fiske Vassal  
Leiar av Studentidrettsrådet, Frida Rasmussen  
Leiar av SiOs hovedstyre, Stine Johannessen  
Fungerande leiar av Konsulatet ved OsloMet, ukjend  
Studentlivsordinator på OsloMet, Beate Thandiwe Dessingthon  
Rådet for de mindre, ikkje valt enda  
Rådet for de mindre, ikkje valt enda

Observatør: Andrine, Samarbeidsansvarlig i Velferdstinget på vegne av Rådet for dei mindre

### Til stades på møte:

Leder av Velferdstinget i Oslo og Akershus, Marius Torsvoll  
Nestleiar av Studentparlamentet ved UiO, Ada Lassen-Urdahl  
Leiar av Studentparlamentet ved OsloMet, Karl Magnus Nikolai Coronus Nyeng  
Leiar av Studentunionen ved Høyskolen Kristiania, Marie Pedersen  
Leiar for Det Norske Studentersamfund, Olav Rørstad  
Leiar av Studentidrettsrådet, Frida Rasmussen  
Leiar av SiOs hovedstyre, Stine Johannessen

Observatør: Andrine, Samarbeidsansvarlig i Velferdstinget på vegne av Rådet for dei mindre

## DAGSORDEN

---

Møtestart klokken 16:00

### Sak 1) Val av møteleiar og referent

Valt møteleiar: Marius

Valt referent: Henriette

### Sak2) Godkjenning av innkalling

Innkalling godkjennast med endring av namn på representant frå HK.

### Sak 3) Introduksjonsrunde

Vi tok runden rundt bordet kor alle introduserte seg sjølv med namn, alder, di rolle i Studenthovedstaden og favorittfarge på tannkost.

### Sak4) Kort orienteringsrunde

*Marius:* Har arbeida med førespurnader frå media, arbeida med å vere budd på året, Velferdstinget har haustseminar på laurdag som han har arbeida med. Vore på møte med Oslo AP i dag. Vore på Arendalsuka, snakka der med næringsministeren om psykisk helse, fått oversikt over komande politiske prosessar. Jobbar mykje med studenthus, og studentfrivillighetsfestival(Studfest).

*Olav:* Gjennomført studentfestival, veldig fornøyd med oppmøte. Hadde besøk av alle studentkor i Noreg i helga. Jobbar med å få tilbake foreiningsaktivitet. Ope hus på onsdag for å få opp studentaktivitet. Strategisk utvikling av hausten og studentfriviljugheita

*Andrine:* Mykje nyval på dei ulike utdanningsinstitusjonane om dagen. Mange har val i september. Ønsker å få til eitt møte med fagskulane.

*Ada:* Haldt på med studiestart, og sett på politiske ynskje for hausten. Ser på retningslinjer for studentdemokrati, kanskje dette er noko ein kan sjå på å få til nasjonalt også?

*Frida:* utfordringane til SIR er tilgang på treningsareal og kommunikasjon med SiO. Har fremja halltid problematikk med kommunen. Snakkar med SiO om kunstgrasbanen.

*Stine:* Sommaren har vore normal, juli er roleg. Semesterstart startar siste veka i juli, hatt møter med byråd for byutvikling og vore på møte med ANSA. Har deltatt på fadderordning. Delt ut priser på foreningsdagene til UiO og OsloMet. Har mottatt mange førespurnader rundt SiO bolig, det er no fult i alle SiO bustadar. Til og med i Lillestrøm som ikkje opna før i oktober. Ser på karrieretenestene saman med VTAU. Gjennomplan for ete plasser, korona heng igjen. Det er lite ressursar i samfunnet og mangel på tilgang på tilsette.

*Karl Magnus:* Har fått opna alle ete plasser, fått studentar tilbake på campus! Var også på møte med programkomiteen for Arbeiderpartiet i dag. Snakka om Lillestrøm, studentar i Lillestrøm skal få bu der ikkje berre studentar i Oslo.

*Marie:* Aldri vore fleir studentar på HK. Felles utfordring dei arbeida med: enkelte koronastudentar er vande med å sitje heime og ikkje så gira på å kome seg ut for å møte andre. Har fått ny rektor, sin første kvinnelege rektor. Driv å kjøpe opp nye bygg.

### Sak 5) Forventningsavklaring

Det skal vere lågterskel. Produktiv møtearena.

Stine: Får konkrete tilbakemeldingar frå studentdemokrati, det er bra. Psykolog på campus starta i Studenthovudstaden. Ynskjer å vere ein sparringspartner og få innspel frå ulike studentdemokrati.

### **Sak 6) Forhold til kommunen**

Det er ynskje om å få til eit møte med kommunen ein gong i semesteret. Foreslår å få til eitt møte før jul.

Det er også ynskje om å invitere opposisjonen til eit møte.

Det kjem ein folkehelsestrategi frå kommunen, einighet om å følgje opp denne saman. Stine, leiar av hovedstyret i SiO er gjerne med på sparring.

### **Sak 7) Medieutspel psykisk helse**

Neste veke kjem SHoT undersøkinga, skal studenthovedstaden skrive eit felles lesarinnlegg?

Det er stor semje om at det mest sannsynleg vil bli dystre tal. Konklusjonen er at Velferdstingets arbeidsutval skriver eit utkast på google docks som alle kan kommentere på og signere på etter å ha snakka med sine respektive styrer.

### **Sak 8) Strategisk samarbeidsforum**

Studenthovedstaden skal vere eit formøte for strategisk samarbeidsforum, kor to frå studenthovedstaden skal møte.

Leiar av Velferdstinget har ein plass.

Vi vel neste person når vi har ein dato for neste møte i strategisk samarbeidsforum.

### **Sak 9) Møtedato**

Møtedatoar i haust: Henriette sender ut ein doodle for møtedatoar i haust.

### **Sak 10) Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

Møteslutt 16:52